

## Referat frå styringsgruppa Idrettscampus Bergen

---

Dato: 11.01.2017

Tid: kl. 13.00 – 16.00

Stad: Årstad vidaregåande skule

---

Frå styringsgruppa: Pål Kårbø (Hordaland fylkeskommune), Pål Hafstad Thorsen (Bergen kommune), Oddrun Samdal (Universitetet i Bergen) Bjørg Kristin Selvik (Høgskulen på Vestlandet) Helge Johnsen (Hordaland idrettskrets)

Frå arbeidsgruppa: Britt Karen Spjeld (Hordaland fylkeskommune), Pia Mørk Andreassen (Olympiatoppen Vest), Frode Karlsen (Bergen kommune), Rune Titlestad (Bergen kommune), Odd Bjarne Berdal (Hordaland fylkeskommune), Birthe Andersen Haugen (Hordaland fylkeskommune), Torhild Næss Vedeler (Haukeland universitetssjukehus), Vibeke Johannesen (Sk Brann), Knut Songve (Hordaland idrettskrets), Hanne Espe (Hordaland fylkeskommune)

Frå PwC: Ivar Borge og John Wikstrøm.

Forfall: Anita Lyssand (Haukeland universitetssjukehus), Nina Grieg Viig (Høgskulen på Vestlandet), Morten Kristoffersen (Høgskulen på Vestlandet)

Møteleiar: Pål Hafstad Thorsen

Skrivar: Hanne Espe

Elevar ved Årstad vidaregåande skule serverte varm lunsj og rektor Rolf A Haugstvedt ønska velkomen. Etter maten fekk vi ei kort synfaring ved Sigurd Trageton.

Bergen kommune sender ei blomsterhelsing til fylkesordføraren på vegne av alle aktørane i Idrettscampus Bergen.

### 4.1 Godkjenning av referat frå møte 20. desember 2016

Vedtak:

1. Referatet godkjent .
2. Dette punktet vart flytta til slutten av møtet. (Oppdatert rapport av 2. januar 2017 vert teken til etterretning.)

### 4.2 Universitetet i Bergen som ny aktør i prosjektet.

Vedtak: Universitetet i Bergen vert inkludert i Idrettscampus Bergen på lik line med dei andre aktørane i prosjektet.

### 4.3 Idrettscampus Bergen, rapport etter moglegheitsstudie fase 2

Følgjande punkt vart lagt fram for vedtak;

A: Overordna

Namn

Vedtak: Idrettscampus Bergen

Visjon

Vedtak: Styrke i samspel

Verdiar

Vedtak: Verdiane vart vedteken med underteksten som er formulert i rapporten. Endre rekkefølga til *Inspirerende, Kompetente, Opne og Nyskapande = IKON*

#### Føremål

Innspel frå Bergen kommune om å inkludere ordet folkehelse i hovudføremålet.

Vedtak: Hovudmålet for prosjektet er å styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling.

#### B: Organisering

##### Strategiske val og samarbeidsform

Vedtak:

1. Dei ti satsingsområda vert vedtekne som strategisk overordna val.
2. Det vert etablert ei avtalebasert organisering for dei første to åra.  
Kommentar: Etter dei første åra må ein løfte opp ein ny finansieringsdebatt og sjå på moglege bidrag frå fleire aktørar.
3. Alle aktørane signerer framlegg til samarbeidsavtale.

Mandat for styringsgruppa, arbeidsgruppa, dagleg leiar og dei ulike prosjektgruppene/delprosjekta.

Vedtak:

1. Mandat for styringsgruppa;  
Styringsgruppa er samansett av ein representant frå Bergen kommune, Haukeland Universitetssjukehus, Høgskulen på Vestlandet, Hordaland idrettskrets og Hordaland fylkeskommune, SK Brann og Olympiatoppen Vest. Leiar er frå Hordaland fylkeskommune og nestleiar er frå Bergen kommune. Medlemmene i gruppa har ikkje fast vara, men kvar aktør stiller med ein representant.

|  |                                |
|--|--------------------------------|
| Anne Gine Hestetun (leiar)               | Hordaland fylkeskommune        |
| Pål Hafstad Thorsen (nestleiar)          | Bergen kommune                 |
| Anita Lyssand                            | Haukeland Universitetssjukehus |
| Björg Kristin Selvik (f.o.m. 20.12.2016) | Høgskulen på Vestlandet        |
| Oddrun Samdal                            | Universitetet i Bergen         |
| Helge Johnsen                            | Hordaland Idrettskrets         |
| nn                                       | Olympiatoppen Vest             |
| nn                                       | SK Brann                       |

Oppgåver og myndigheit;

- Velje dagleg leiar og vedta organiseringa
- Vedta mandat og samansetting til arbeidsgruppa
- Vedta og følgje opp budsjett, planar og strategi
- Vedta rekkjefølga på prosjekt og større tiltak
- Sette krav til prosjektresultat, framdrift og rapportering
- Overordna oppfølging og styring av prosjekt
- Vedta om prosjekt skal stoppast
- Styringsgruppa gjennomfører 4-6 møter årleg.

2. Mandat for arbeidsgruppa;

Arbeidsgruppa er valt av styringsgruppa.

Dagleg leiar er leiar av arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa rapporterer til dagleg leiar.

Arbeidsgruppa vert vidareført som i dag i ein overgangsperiode inntil dagleg leiar er tilsett. I tillegg vert representantar frå UiB inkludert. Hordaland fylkeskommune koordinerer arbeidet. Arbeidsgruppa samansett av;

|                        |                                |  |
|------------------------|--------------------------------|--|
| Britt Karen Spjeld     | Hordaland fylkeskommune        | Fylkesidrettssjef, prosjektleiar         |
| Odd Bjarne Berdal      | Hordaland fylkeskommune        | Opplæringsavdelinga                      |
| Birthe Andersen Haugen | Hordaland fylkeskommune        | Seksjonsleiar på opplæringsavd.          |
| Hanne Espe             | Hordaland fylkeskommune        | Kultur og idrettsavdelinga, skrivar      |
| Rune Titlestad         | Bergen kommune                 | Idrettsdirektør                          |
| Frode Karlsen          | Bergen kommune                 | Idrettsrådgjevar                         |
| Knut Songve            | Hordaland idrettskrets         | Organisasjonssjef                        |
| Pia Mørk Andreassen    | Olympiatoppen Vest             | Avdelingsleiar                           |
| Vibeke Johannesen      | SK Brann                       | Dagleg leiar                             |
| Nina Grieg Viig        | Høgskulen på Vestlandet        | Phd, Prodekan utdanning                  |
| Morten Kristoffersen   | Høgskulen på Vestlandet        | Høgskolelektor                           |
| Torhild Næss Vedeler   | Haukeland universitetssjukehus | Leiar av energisenteret for barn og unge |
| nn                     | Universitetet i Bergen         |  |

#### Oppgåver og myndigheit

- Oppfølging av prosjekt, på bakgrunn av bestilling frå dagleg leiar
- Rådgjeving og støtte for dagleg leiar
- Bidra til prosjektgjennomføring
- Rapportering til eigen organisasjon
- Ein representant frå arbeidsgruppa er teamleiar i delprosjektgruppene.
- Arbeidsgruppa gjennomfører 6-8 møter årleg.

3. Mandat for delprosjektgrupper;  
 Ein teamleiar frå arbeidsgruppa  
 Fleire personar frå arbeidsgruppa kan inngå i ressursgruppene  
 Ressursar frå involverte aktørar  
 Eventuelle eksterne ressurspersonar

#### Oppgåver og myndigheit

- Definere prosjektoppgåvene og gjennomføre desse innanfor vedtekne kriterier og rammer
- Rapportere til dagleg leiar
- Rådgjeving og støtte for dagleg leiar
- Møter ved behov

4. Mandat for dagleg leiar;  
 Dagleg leiar skal leie prosjektet i tråd med styringsgruppa sine vedtak og gjeldande styringsdokument, som t.d. mogleighetsstudie fase 1 og 2 fasilert av PwC og politiske vedtak i Fylkesting og byråd.  
 Dagleg leiar rapporterer til styringsgruppa.  
 Dagleg leiar skal leie arbeidsgruppa.

#### Oppgåver og myndigheit

- Drive etableringa og utviklinga av idrettscampusen, og gjennomføre vedtekne prosjekt og tiltak
- Gje innstilling til styringsgruppa om endringar knytt til prosjekt, som går utanfor mandatet
- Utforme og legge fram forslag til budsjett og planar
- Dagleg drift og styre av verksemda
- Koordinere kompetanse og ressursar

- Rapportering og saksutgreiing
- Ekstern og intern kommunikasjon og marknadsføring
- Søke om eksterne midlar til gjennomføring av delprosjekt

Lokalisering av hovudkontor dei første to åra

Vedtak: Idrettscampus Bergen vert lokalisert på Idrettens hus.

Kommentar: Lokalisering bør evaluerast etter dei første to åra.

Det skal vere mogleg for dagleg leiar av idrettscampusen å arbeide hjå dei ulike aktørane i periodar, for å vere tett på den enkelte og sikre brei involvering.

Utlysning av stilling som dagleg leiar 2017-2018.

Forslag til utlysingstekst låg ved styrepapira og endringsforslag vart implementert.

Vedtak:

1. Hordaland idrettskrets/ NIF vert arbeidsgjevar. Stillinga vert lyst ut i januar 2017, med søknadsfrist 1. mars. Alle aktørar gjer sine nettverk merksam på utlysninga.
2. Det skal nyttast eit eksternt byrå til tilsetjingsprosessen. Hordaland idrettskrets sjekkar om Norges idrettsforbund har rammeavtale for slike tenester. Om ikkje har Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune det.
3. Eit tilsettingsutval med representantar frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Haukeland universitetssjukehus, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest og eit eksternt byrå står for utveljing og intervju av aktuelle kandidatar. Styringsgruppa gjer vedtak på bakgrunn av innstilling frå tilsettingsutvalet.

Inkludering av nye hovudaktørar i samhandlinga.

Vedtak: Vedtak om inkludering av nye hovudaktørar vert handsama i styringsgruppa etterkvart som det vert aktuelt.

## **C: Framdrift**

Milepælsplan og prosjekt

Vedtak: Tentativ tidsplan for tiltak og prosjekt i etableringsfasen vert vedtekne som skildra i rapporten. Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa på neste møte.

### 4.4 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus Bergen

Vedtak: Teke til etterretning.

### 4.5 Veggen vidare

1. Neste møte blir 6. april kl. 11 – 14 på Bikuben, Haukeland universitetssjukehus
2. Informasjonsstrategi  
Pressetreff på Brann stadion den 26.1 ev 27.1 kl 13.00. Avklaring om styreleiar kan delta og om det er tilgjengeleg møterom.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune lager invitasjon til dette pressetreffet.